



Referanse:

**KM 12/06** «Utfordringer i religionsmøtet»<sup>1</sup>

**KM 07/12, 4d** (Den direkte bakgrunnen til at dette vert ei KM-sak i 2016)<sup>2</sup>

**MKR 37/04** «Religionsmøte i menighetene»<sup>3</sup>

**MKR 14/08** «Hovedprinsipper for MKRs interreligiøse engasjement»<sup>4</sup>

**MKR 26/14** «Dialogteologi på norsk»<sup>5</sup>

**MKR 36/14** «Religionsteologi på norsk»<sup>6</sup>

Saksdokument:

Hovedprinsipper for Mellomkirkelig råds interreligiøse engasjement

## KM-sak om Religionsmøte og religionsdialog

### Samandrag

#### Bakgrunn og motivasjon

Samfunnet vårt er meir og meir fleirreligiøst og har fått fleire transnasjonale eller multi-nasjonale trekk. Det tyder at Den norske kyrkja ikkje lenger kan velja *om* ho skal relatera seg til eit religiøst (og kulturelt) mangfald, men heller må reflektera over *korleis* ho skal gjera det. Når stoda er slik, er det viktig å gje interreligiøs dialog brei og sterkt kyrkjeleg legitimitet. Kyrkja må stadfesta aktivitetar og refleksjonar som går føre seg på feltet, og oppmuntra til djupare og vidare handling og tenking. Det å engasjera seg i interreligiøst dialogarbeid er å ta eit samfunnsansvar, og det er ein del av kyrkja sitt kall.

<sup>1</sup> [http://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/dokumenter\\_vedtak/kirkemotet-13.11.2006---19.11.2006oyer/](http://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/dokumenter_vedtak/kirkemotet-13.11.2006---19.11.2006oyer/). Sjå nesten nedst på sida; der ligg lenker til både saksframlegg og vedtak.

<sup>2</sup> [http://kirken.no/globalassets/kirken.no/migrering/km\\_7\\_12\\_mision\\_merknad2\\_vedtak.pdf](http://kirken.no/globalassets/kirken.no/migrering/km_7_12_mision_merknad2_vedtak.pdf) : «Kirkemøtet ber om at Bispemøtet og Mellomkirkelig råd jobber videre med spørsmål knyttet til *religionsteologi, kulturforståelse og dialog*, samt praktiske spørsmål om kirkens forhold til andre religioner og det flerreligiøse samfunnet.» (s. 5)

<sup>3</sup> Prosjektet er no lagt ned, men ei omtale av det finst her, under «Andre dialogtiltak»:

<http://omega.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/nouer/2006/nou-2006-2/5/5/3.html?id=156234>

<sup>4</sup> <http://www.kirken.no//?event=downloadFile&famID=37140>

<sup>5</sup> «MKR/AU støtter forslaget til en bok om «Dialogteologi på norsk» og ber om at saken oversendes MKR til behandling på novembermøtet 2014.»

<sup>6</sup> «1. MKR støtter forslaget til bokutgivelse av «Dialogteologi på norsk». (*Rådet ynskjer likevel ein annan tittel, red. anm.*) 2. MKR ber forlaget, i samarbeid med administrasjonen, arbeide med finansieringen av bokutgivelsen.»

## **Oppsummering**

Mellomkyrkjeleg råds sekretariat arbeider med ei sak om religionsdialog og -teologi til KM 2016. Vi ynskjer med dette å leggja fram for MKR ei orientering om arbeidet så langt og samstundes be om synspunkt og innspel til det vidare arbeidet.

Dette dokumentet fortel om bakgrunnen og referansar for saka og klargjer saksgangen vidare. Det diskuterer ymse innsteg til sjølve temaet, drøfter omgrepet «religionsteologi», går vidare med ting ein konkret kan ta opp i tenkinga omkring dialogarbeid og diskuterer så på kva nivå - både strukturelt og sosialt/fagleg - ein god religiøs dialog kan skje. Til sist kjem vi med nokre konkrete framlegg og innspel med sikte på å fremja dialogarbeid i kyrkja både sentralt og lokalt. Sekretariatet ynskjer seg svært gjerne kritikk, innspel og framlegg for det vidare arbeidet med saka. (Sjå punktet om «Gang i saka», under).

## **Sentrale problemstillingar for MKR å vurdera**

- Kva meiner MKR er dei viktigaste problemstillingane rundt religionsteologi og dialog som må inn i ei KM-sak?
- MKR vert oppmoda til å drøfta korleis ein kan integrera dialogisk tankegang og arbeid innanfor eksisterande planar og arbeidsgreiner, slik som trusopplæring og diakoni.
- Korleis kan ein best skapa samarbeid om dialogarbeid mellom dei ulike nivåa og einingane i kyrkja?
- Bør KM oppmodast til å be dei teologiske lærestadane til å prioritera interreligiøse emne høgare?
- Bør KM oppmodast til å prioritera stillingar anten sentralt, lokalt eller i bispedømma, øyremerk til dialogarbeid?
- Bør KM oppmodast til å gå inn for fleire regionale dialogsenter, slik som i Oslo og Stavanger?

## **Framlegg til vedtak:**

Mellomkyrkjeleg råd har desse innspela til KM-saka om religiøsmøte og religionsdialog:

.....

## Saksorientering

### Bakgrunn for saka; tidlegare saker og vedtak

Kyrkjemøtevedtak KM12/06 gav som resultat heftet «Veiledning i religjonsmøte». Heftet er no snart ti år gammalt og treng oppdatering. Sak KM 07/12 tok opp att tematikken og gav startskotet for den saka som no ligg føre: «*Kirkemøtet ber om at Bispemøtet og Mellomkirkelig råd jobber videre med spørsmål knyttet til religionsteologi, kulturforståelse og dialog, samt praktiske spørsmål om kirkens forhold til andre religioner og det flerreligiøse samfunnet.*»

Dokumentet «Hovedprinsipper for Mellomkirkelig råds interreligiøse engasjement» (MKR 14/08) gjer godt greie for både den teologiske og den politiske eller ålmenne grunngjevinga for å driva dialogarbeid, og det er nyttig å ha som bakgrunn (finst vedlagt). Dokumentet listar opp dei prioriteringane ein gjorde seg i 2008, saman med ei liste over aktuelle dialogprosjekt og -partnarar lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Saman med Kyrkjemøtevedtaka KM12/06 og KM 07/12 utgjer det utgangspunktet for den saka om no ligg føre, med tillegg og presiseringar gitt i MKR-sakene frå 2014 (over). Det dokumentet som vert lagt fram her, tek opp tråden frå 2008, men med mest fokus på den lokale og nasjonale dialogen.

### Motivasjon for religionsdialog og –teologi

Statistikken for dei siste åra viser tydeleg eit samfunn i endring, også på det religiøse området. I artikkelen «Norge – et sekulært samfunn?» viser Statistisk Sentralbyrå (SSB) korleis fleire og fleire vert ikkje-truande eller agnostiske. SSB skriv m.a.: «Norge i åndelig endring: Funnen [i artikkelen] kan fort tolkes som om det har skjedd en klar sekularisering blant dem som er født i Norge og ikke har innvandringsbakgrunn, mens andre grupper trekker i motsatt retning. Det kan se ut som [...] om Norge går i en multireligiøs retning, heller enn befinner seg i en tiltakende sekulariseringsprosess. Samtidig fremstår Norge som et sekularisert samfunn (Botvar og Schmidt 2010) i tråd med de gjengse beskrivelsene av religion i Europa. Det tydeligste uttrykket for det er nedgangen i befolkningens tilknytning til den religionsformen som i århundrer har dominert, nemlig protestantisk kristendom.»<sup>7</sup>

I artikkelen «Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, 1. januar 2014»<sup>8</sup> skriv SSB kortfatta om endringane i religiøst tilhøyr dei aller siste åra. 11,5% av folketalet var medlem i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja den 01.01.2014. Kristne trussamfunn sett under eitt har den største medlemsmassen, med 337 000 personar totalt (altså utanom Dnk), og dei har til saman vokse med 24 000 i den same perioden (7,8%). Det vil seja at kristne trussamfunn utanom Dnk, sett under eitt, har 57% av alle registrerte medlem i slike samfunn. Den romersk-katolske kyrkja er den klart største «drivaren», med ei auke på 16% frå 2012-13, medan pinserørsla talde om lag 39 000, som er det same som året før. Jødedom er det einaste trussamfunnet som viser nedgang, med 4,5%, men dei absolutte tala der er små. Størst oppgang i absolutte tal, om ein ikkje reknar kristne samfunn utanom Dnk under eitt, har islam, med ein auke på 11 000 frå 2012 til 2013 (9,3%), og ein samla prosentdel på 22,5% av alle registrerte medlem i trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk i 2013.

<sup>7</sup> <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norge-et-sekulaert-samfunn>

<sup>8</sup> <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/trosamf>

Samfunnet vårt vert altså meir og meir fleirreligiøst og har fått fleire transnasjonale eller multinasjonale trekk. Vi får fleire menneske som hører til religionar utanfor kristendommen, men òg fleire kristne frå tradisjonar som ikkje er tradisjonelt norske. Det tyder at Den norske kyrkja ikkje lenger kan velja *om* ho skal relatera seg til eit religiøst (og kulturelt) mangfald, men heller må reflektera over *korleis* ho skal gjera det. Når stoda er slik, er det viktig å gje interreligiøs (og økumenisk) dialog brei og sterk kyrkjeleg legitimitet. Kyrkja må stadfest aktivitetar og refleksjonar som går føre seg på feltet, og oppmuntra til djupare og vidare handling og tenking. Det å engasjera seg i interreligiøst dialogarbeid er å ta eit samfunnsansvar, og det er ein del av kyrkja sitt kall.

Det er viktig å vera klår i bruken av omgrep. Ein driv ikkje dialog for å misjonera, men ein driv heller ikkje dialog for å verta «einige» på en slik måte at dei grunnleggjande skilnadene mellom religionane vert borte eller nedbygde. Ei stor oppgåve i dialogisk arbeid er å byggja eigen identitet, men på eit slikt vis at han vert ei plattform for god kommunikasjon. Eg ynskjer som kristen at alle andre skal få kjenna Guds kjærleik i Jesus Kristus, men røynsla er at om vi skal få andre til å lytta til det vi har å seia dei, må vi òg vera villige til å lytta til det dei har å seia til oss. Skal eg kunna skjøna korleis t.d. muslimsk eller jødisk tankegang er, må eg vera villig til å høyra etter – grundig, og utan fordom. Så må dei høyra på meg tilbake, og så kan vi samtala om det vi har høyrt. På kva område er vi ulike, kvar er vi like, kva er likt endå om det ser ulikt ut (og omvendt), og kvar finst skilnader som ikkje kan eller bør sameinast?

Ein dialog kan ikkje ha ein skjult agenda. Han kan til dømes ikkje fungera om den eine eller begge partar «egentleg» berre er ute etter å omvenda den andre. Der og då, i dialogens rom, må ein lytta med respekt, for å forstå – som ikkje er det same som å akseptera eller halda for sant. Slik kan ein byggja tillit og samhandling, og byggja ned hindringar for kommunikasjon og praktisk liv i lag. Det treng vi, rett og slett fordi vi er menneske som bur i lag på ein liten klode, i eit lite land.

Ein dialog kan heller ikkje fungera om vi trur han skal viska ut alle skilnader og koma fram til eit eller anna minste felles multiplum. Tvert om er det ofte slik at det er gjennom den gode, tillitsfulle samtalen at vi til sist vert klåre over kva det *egentleg* er som er viktig for oss, og som vi verkeleg ikkje kan gje slepp på, og kva som ikkje er så viktig som vi kan hende trudde, men som hindrar kommunikasjon og utvikling.

### **Gangen i saka**

Mellomkyrkjeleg råds sekretariat førebur ei sak til Kyrkjemøtet i 2016 om *Religionsdialog og religionsmøte*. I 2013 vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle arbeida med temaet, og i tillegg til det vert det arbeidd med ei artikkelsamling med arbeidstittel «Dialogteologi på norsk» med fleire forfattarar. Ressursgruppa hadde sist møte våren 2014, og dette notatet grunnar seg m.a. på referatet derifrå.

Etter at saka har vore oppe i MKR-møtet i mars 2015, vil Ressursgruppa ta henne opp att i april og arbeida vidare med henne fram til MKRs neste møte i september. Kyrkjerådet vil ventelig også ynskje å sjå på saka då, for å koma med sine innspel. Ut ifrå dei framlegga, innspela eller merknadene som kjem i desse møta, vil ein redigera saka ferdig til MKR og KR sine møte i november og desember, slik at ho kan sendast over til Kyrkjemøtet i januar 2016.

Fordi KM 2016 vil vera eit nytt KM etter valet i 2015, kan det vera naturleg å ta opp temaet på fleire KM etter kvarandre. Ein vil då først orientera og presentera breitt og sidan fylgja opp med vedtakssaker der det er ynskjeleg. Uavhengig av forma dette får, er gruppa einig om at religionsmøte og religionsdialog bør vera med på KM både som ei brei orienterings-, diskusjons- og refleksjonssak, og dermed som ei vedtakssak med sikte på å implementera religionsdialog klårare i strukturen i kyrkja. (Altså ikkje som ein teologisk/ideologisk, men som ein strukturell vedtakssak). Ungdommens kyrkjemøte i 2015 kan òg inkluderast i tenkinga. Då kan dette dokumentet, etter MKR i september, fungera som oppspel til det.

Dette framleggget er meint som ei førebels orientering til MKR om kva slag vinklingar og undertema vi ser for oss at det kan vera naudsynt å sjå på og presentera for KM. Ressursgruppa og MKRs sekretariat må arbeida vidare med å konkretisera og meisla ut detaljar i stort monn. MKR sitt møte i september vil vera viktig for den endelige utforminga. Derfor ber vi om respons og tilbakemelding frå MKR på framleggget, slik at vi kan veta meir om kva lei vi skal arbeida vidare i.

#### ***Innspel til tematisk del – informasjons-, refleksjons- og diskusjonsdel:***

Hovudmålet med saka er å gjera KM-delegatane medvetne om kor viktig temaet dialog er, visa ulike måtar kyrkja kan møta og tematisera dialog på, og forankra dialog tematisk, teologisk og strukturelt i Dnk. Samtalar/møte/dialogar med kristne med ein annen kulturell bakgrunn enn norsk, og med kristne frå andre kyrkjelege tradisjonar, høyrer også heime her. Vidare bør saka til sist munna ut i framlegg om konkrete tiltak som kan fremja dialogarbeid og ei dialogisk tilnærming til det mangfaldet vi lever i.

Religionsmøte/religionsdialog utfordrar også ekklesiologien vår (læra om kyrkja): Korleis skal vi tenka om ei geografisk organisert Dnk i framtida? Kva tyder eit fleirreligiøst Noreg for Dnk og for kva slags kyrkje vi skal og vil vera? Korleis kan ein forstå omgrepene «Folkekirkje» i ein røyndom der kan henda 35% av den lokale befolkninga er med i Dnk, 25% er med i andre, kristne kyrkjer (t.d. immigrantkyrkjer), 25% er muslimar og dei siste 15% ikkje høyrer til noko organisert trudomssamfunn eller er humanetikarar?

Det er viktig å unngå polariserte diskusjonar der ein kvar på sin kant arbeider seg inn i ei krå (t.d.: for/mot religionsdialog). Ei KM-sak bør fylgja MKR si line om å inkludera alle delar av kyrkja («misjonsfolk», «liberale», «folkekirkjefolk», «konservative», osb.). Her er det òg viktig å streka under at Dnk ikkje har og ikkje kan ha ei enkelt «godkjend» haldning til eller teologi om religiøs dialog, men eit breitt spekter av ulike innsteg.

Det er viktig og naudsynt å gje ein opplevingsdimensjon til dialogarbeidet for at resultatet av saka på KM også kan skapa og styrka eit kjenslebasert engasjement som kan supplera gode dokument og erklæringer. (Døme: ein «faktisk» dialog som spelar seg ut framfor forsamlinga, delar av eller heile teaterstykket «Abrahams barn» med Svein Tindberg (men hugs at dialog ikkje berre skjer med jødar og muslimar), vitjing av representantar frå andre trus- og livssynssamfunn eller andre opplevelingar).

Perspektivet på religionsmøte og religionsdialog er både nær og internasjonal kontekst: Situasjonen og konteksten i Noreg er viktig, men det internasjonale perspektivet må òg vera med. Dnk er ei kyrkje i dialog både med andre religionar og livssyn og med andre kyrkjer, og

sentralt er ein med på møte i mange organisasjonar og nettverk. Dette bør ein gjera synleg på KM. Ein kan t.d. trekka inn Kirkenes verdsråd, Kirkens Nødhjelp, Areopagos eller andre organisasjonar som driv internasjonalt arbeid der religionsmøte og religionsdialog er på planen.

### **Kva tyder omgrepet «religionsteologi»?**

«Religionsteologi» er eit nokså nytt omgrep. Det knyter seg til den teologiske tenkinga som ein nyttar for å skjøna sin eigen teologiske posisjon i høve til ein religiøst «annan», og om det som eigen teologi seier om ein sjølv (eigen tradisjon) og om den andre i teologisk forstand.

Den norske teologen og dialog-teoretikaren Oddbjørn Leirvik skriv i ein artikkel frå 2004<sup>9</sup> at religionsteologi tradisjonelt har bygd på omgropa *eksklusivisme, inklusivisme og pluralisme*. Faren er at slike omgrep kan verta tvangstrøyer som formar erfaringa, like mykje som dei er ekte navigasjonshjelparar. Han landar etter dette på at det viktigaste for religionsteologien er ei grunnleggjande «*Erfaring av likskap*» og «*Erfaring av forskjell*». Det forklarar han slik: «Sjølv tenkjer eg at ein religionsteologisk refleksjon må ta utgangspunkt i dei to grunnleggjande erfaringar vi som kristne gjer i møte med den religiøst sett andre: erfaringa av likskap og erfaringa av forskjell. Korleis tydar vi den doble erfaringa av gjenkjennung og framandkjensle?»

I dette landskapet rører religionsdialogen seg, og nyttar teologiske og hermeneutiske omgrep og modellar for å skjøna korleis eigen ståstad vert sett i relief i møtet med den andre, og kva slags reiskap min eigen tradisjon har eller treng for å skjøna og plassera den andre.

Eit reint *eksklusivistisk* standpunkt vil kan hende seia at den einaste måten å sjå ein annan religion (eller ein annan konfesjon!) på, er som misjonsmark. Her er ikkje noko felles som er verdt å byggja på; den einaste vegen vidare er at den andre vender seg om til mi tru. Ei *inklusivistisk* tenking vil hella i retning av å sjå etter likskapar og trekk som ein kan einast om, og i ekstrem tyding søkja einskap og religiøs tilnærming i trusinnhaldet. Ei *pluralistisk* tilnærming hevdar at det må eksistere rom for fleire overtydingar og trussystem, og at meininga med dialog i stort monn er å finna måtar å leva på i lag og forstå kvarandre slik at ein unngår mistydingar og mistankar mot den religiøst andre.

Det er viktig å streka under igjen at Den norske kyrkja korkje har eller søker *ein* einskapleg religionsteologi eller ei monolittisk haldning til dialog. Vi lever i ein pluralistisk røyndom; det gjeld òg innanfor kyrkja. Det er heller MKRs tanke å gje innspel til samtale og diskusjon om dialog og dialogisk tankegang slik at ein kan tematisera og arbeida med det i kyrkjelydar, bispedømme, dialogsenter og lokalsamfunn og setja det endå meir på dagsorden.

### **Konkretiseringar**

Religionsmøte og dialog må inn i kyrkjelege dokument og planar slik som overordna diakoniplan og trusoplæringsplan. Det kan henda dei også bør få eigne planar, men kyrkjelydane har alt mange slike dei skal ta omsyn til. I trusoplæringsplanen slik han no står,

---

<sup>9</sup> Oddbjørn Leirvik. Religionsteologi: tyding av likskap og forskjell i religionane sitt landskap. Bidrag til samtale om religionsteologi i Norsk Teologisk Nemnd, 5. november 2004.  
(<http://folk.uio.no/leirvik/tekster/ReligionsteologiNTN2004.htm>)

er det lite om interreligiøs dialog og om andre religionar enn kristendomen. Kulturelt mangfald, urfolk og funksjonsevne er nemnt, men det vert ikkje reflektert over religiøst mangfald og religionsdialog. Om det vert inkludert, kjem dermed lett an på interesse frå einskildpersonar; det vil gjera fokuset ujamt og sårbart - og avhengig av eldsjeler.

I 2016 veit vi kva som har skjedd med *Stålsett-utvalet* sin rapport, og vi er komne mykje lenger i prosessen fram mot ei ny ordning for Dnk. Då kan vi betre leggja planar for korleis vi skal ta opp fleirreligiøsitet og religionsmøte i samband med kyrkjelege spesialtenester (forsvaret, sjukehus/sjukeheimar, studentar, fengsel). Kyrkja forkynner òg med sine strukturar. Skal andre vera avhengige av kyrkja sin velvilje for å sleppa til på livssynsarenaen, eller skal Dnk sjølv vera med på å leggja til rette for fordeling av tenester for religiøse og livssynsmessige minoritetar? Her trengst refleksjon og arbeid.

Ein bør ta opp temaet om kyrkja sine kasualia og fleirreligiøsitet, gjerne med eksempel og utfordringar slik som tverreligiøse ekteskap og familiar, dåp og fadrar, gravferder, nattverd og fleirreligiøsitet, deltaking i gudstenester, andre religiøse innslag enn kristne i gudstenester.<sup>10</sup>

Skilnader og likskapar mellom by og land treng drøfting på ein slik måte at religionsdialog og religionsmøte kan få ein vinkel som gjer dei relevante for flest mogleg. Det er naudsynt å hugsa at mange lokalsamfunn har mykje røynsle på feltet, men ikkje alltid lik den som ein finn i storbyane. Arbeidsinnvandring av personar både frå andre kyrkjer og med ein annan religiøs bakgrunn er vanleg, også på mindre stader. Til dømes har ein på Støren i Sør-Trøndelag fått mange romersk-katolske innvandrarar som treng stader å ha gudsteneste, og Dnk låner ut kyrkjer til messefeiringa deira. Likeeins finst mange andre religiøse og etniske grupper som er busette i lokalsamfunn utanom dei større byane i kortare eller lengre tid, og som kyrkja vil byggja relasjonar med.

Det er viktig å ta opp teologiske spørsmål som kjem opp i dialogane, men ikkje å argumentera for eller imot dei. Trua på treeininga og Jesus, synet på døden, himmel og helvete, frelsa, sanning, synet på skrifta og mange andre tema kan vera aktuelle. Innsteget må vera dialogisk, altså slik at det byggjer forståing gjennom at ein lyttar til kvarandre for å forstå, samstundes som ein gjer seg medviten om sitt eige trusgrunnlag. Det er berre den som har ei tru sjølv, som kan gjera greie for korleis ein skal forstå ho på eit eksistensielt og personleg plan.

Likeeins er det viktig å ta opp og eventuelt erkjenna like og ulike syn på etiske saker som kan ha store teologiske verknader, slik som klima og skaparverk, global rettferd, kjønnsroller, kvinnesyn og homofili. Samstundes er det naudsynt å ikkje la samtalens stogga der. – Slike emne kan vera svært effektive «showstoppers», på same måte som dei klassiske teologiske stridsspørsmåla (t.d. Treeininga og Jesu natur). Lytt, arbeid med å skjøna kva den andre seier og kvifor, og ver deretter einige om å vera ueinige, slik at ein kan gå vidare.

Korleis ein opplever klimaet for religionsdialog og fleirreligiøsitet, vil variera. Ressursgruppa ser tendensar til mykje godt dialogisk arbeid i Dnk, men òg tendensar til likesæle. Vår vurdering er at det held på å veksa fram ein trond til å markera religiøse skilnader meir enn tidlegare. Mangfaldet skaper eit slikt behov også i Dnk, sjølv om ho er van med å vera den store fleirtalskyrkja som representerer Folket med sjølvsagt autoritet og tyngd. Ein bør då

<sup>10</sup> Bispemøtet arbeider med nokre av desse emna i ein praktisk-teologisk kontekst og vil, etter det vi veit, freista å koma fram til praktiske rettesnorer rundt fleire kyrkjelege handlingar til bruk i dagleg virke i kyrkjelydane. Sjå lista over konkrete tiltak lengst bak i dette dokumentet. Bispemøtet sitt arbeid er venta ferdig om lag til nyttår 2016 etter det vi erfarer no.

spørja seg om det å markera religiøse skilnader meir enn før, vert gjort på ein god måte, og ikkje på ein måte som gjer at veggar mellom ulike grupper vert reiste att. Kan kyrkja i staden makta å artikulera trua slik at ho både står fram som klår og samstundes slik at vi kan tala om henne og om tilhøvet vårt til kyrkja på dialogisk og ikkje ekskluderande vis? Då kan vi vera med på å skapa ei kyrkje som både er tydelegare og meir open og dialogisk på same tid.

Dialogarbeid er identitetsarbeid. Det er sentralt i både teologi, filosofi og psykologi at identitet vert til i relasjon, ikkje åleine. Røyndomen både «på bakken» og i media er meir kompleks enn tidlegare, og fleire høyrer til eller får informasjon frå og har relasjonar til andre religionar og livssyn i ulike former. Den religiøse sida av mennesket er viktig, men ho er ikkje den einaste identitetsfaktoren, og kor viktig ho er, varierer mellom folk og gjennom livsløpet til eit menneske. I desse relasjonane vert vi forma, også religiøst.

### ***Kva slags organisatorisk nivå kan og bør ein religiøs dialog skje på?***

Eit særskilt sentralt tema for ein dialog er det strategiske: Kva slags nivå skal han skje på, og kven er med: kven representerer dei, og kva er den relative styrken til grupper som er representerte?

Tradisjonelt har dialog ofte skjedd på høgt nivå, særleg internasjonalt. Leiarar for ulike kyrkjer eller religionar har møttest og utveksla høflege ord og fråsegner om forståing og respekt for andre truande menneske, og dei har kanskje med seg akademikarar frå sine respektive tradisjonar som set seg ned og finn gode formuleringar ein kan einast om. Slik dialog er ofte naudsynt og viktig, særleg i land med store religiøse spenningar, slik som t.d. i Midtausten. Det har stor symbolsk tyngd at leiarane er vener og kan snakka i lag, og det skal ikkje nedvurderast. Slike møte kan sjølvsagt òg vera intenst nærgåande og gå djupt ned i sakene, som dei norske kontaktgruppemøta mellom Mellomkyrkjeleg råd og t.d. Islamsk Råd Norge ofte er eit døme på. Samstundes er slike samtalar i seg sjølv sjeldan nok for å skapa verkeleg forståing på lokalplan.

Andre dialogiske prosjekt skjer på grasrotnivå og er gjerne meir fokusert på praksis, diakoni og sosialt arbeid (ofte kalla «diapraksis») enn på teologiske nyansar og skilnader. Slikt arbeid er viktig for å fremja sosial sameksistens og samarbeid i lokalsamfunnet, og kan vera avgjerande for at ikkje mindre samfunn vert rivne frå kvarandre, og for at folk kan leva i fred med kvarandre.

Ingen av desse nivåa er som oftast avgjerande åleine. Mellomnivået syner seg ofte å vera heilt sentralt. Her tenkjer vi på «mellomleiarane», slik som prestar, kateketar, pastorar, imamar og liknande. Dei har band oppover til toppleiinga og er samstundes avgjerande viktige for det som skjer på lokalt nivå. Røynsla til dei som har drive mykje med dialog, tilseier at både grasrotarbeid og topptungt arbeid treng at mellomleiarnivået er med, viss arbeidet skal føra til verkeleg forandring og samstundes vera forankra og leva over tid.

### ***Kva slags fagleg og sosialt nivå kan og bør ein religiøs dialog skje på?***

I forlenginga av spørsmålet om kva nivå dialog kan eller bør skje på, kan ein gå vidare og spørja seg kva slags reiskap ein bør nyitta. Mange dialogar kan vera akademiske, mellom teologar og akademikarar. Det er viktig å klargjera omgrep og tenkja grundig gjennom korleis

ein forstår både seg sjølv og den religiøst andre. Samstundes kan ein slik dialog ofte verka som noko framandt for fotfolket i moskear og kyrkjer. Akademikarane sitt arbeid er naudsynt og grunnleggjande, men det må forankrast i leiinga og få fotfeste hjå medlemmene for at det skal resultera i meir enn solide rapportar og sluttdokument. Likeeins er lokalt venskap og samhandling naudsynt, godt og viktig, men kan vera sårbart om det er avhengig av lokale eldsjeler utan forankring høgare oppe og ei viss institusjonalisering. Alle desse nivåa er naudsynte og viktige, og må spela på lag.

Det er grunn til å streka under at alle dei ulike nivåa i den organiserte dialogen treng alle dei andre, og dei svarar til ulike funksjonar og «faglege nivå». Fotfolket må involverast og læra å kjenna kvarandre, bli vener og få tiltru til kvarandre. Slik kan ekte samtale utvikla seg, og folk byggja gode lokalsamfunn. Akademikarane må læra om den andre sine omgrep og modellar, og korleis dei kan omsetjast inn i eigen kontekst. Så må dei formidla det dei lærer, til sine eigne. Mellomleiarane må få støtte frå leiarane sine til å arbeida med dialog og diapraksis i lokalmiljøa sine og fremja tillitsskapande tiltak. Leiarane på si side må få fotfolk, akademikarar og mellomleiing med seg om ting skal skje på grasrota.

MKRs sekretariat trur at det trengs folk som arbeider med religionsdialog på mange plan. Det vert gjort mykje godt arbeid ute i bispedømme og kyrkjelydar. Kyrkjelege dialogsenter finst i nokre byar. Fleire bispedømme har folk som steller med temaet, i det minste på deltid. Nokre stader finst dialogprestar på prostinivå. I tillegg finst dei ulike kontaktgruppene som Den norske kyrkja er med i gjennom Mellomkyrkjeleg råd (med Islamsk Råd Norge, Human-Etisk Forbund og Det Mosaiske Trossamfund). Ut over det veit vi at mange kyrkjelydar driv formelt og uformelt dialogarbeid - i grupper eller med andre religiøse organisasjonar eller forsamlingar.

Vi ser at alle nivå er representerte og vil gjerne gjera vårt til at dette viktige arbeidet kan halda fram og utvikla seg vidare – både for kyrkja vår nasjonalt og for dei mange lokale kyrkjelydane og lokalsamfunna. For at det skal skje, treng vi sentralt å ha fokus på dette arbeidet, støtta det og gi det legitimitet og tyngd.

### **Konkrete innspel til vedtak om strukturelle forankringar for religionsmøte/religionsdialog (på KM 2016 eller det fylgjande kyrkjemøtet):**

- Arbeid med interreligiøse dialogar og fellesskapsarbeid på tvers av religion/ livssyn/ kulturell bakgrunn må anerkjennast som kyrkjelydsarbeid og koma inn som ein eigen kategori i rapportar og skjema.
- Ansvar for religionsdialog/religionsmøte må forankrast i stillingar. KM kan oppmodast til å meina at Dnk skal etablira fleire lokale kyrkjelege senter for dialog etter mønster frå Oslo og Stavanger, t.d. eit i kvart bispedømme. Ein tilsett på bispedømmeplan i kvart bispedømme der ansvaret kan forankrast, er òg eit alternativ.
- Religionsmøte/religionsdialog må ‘mainstreamast’ inn i diakoni- og trusopplæringsplanar og andre overordna kyrkjelege planar, med eigne punkt og med ei forankra legitimering tilpassa dei ulike planane.

- Trans- og internasjonale relasjoner som er etablert av Dnk sine kyrkjelydar og på andre nivå i Dnk, bør også inkludera eit dialogisk perspektiv.
- KM-saka kan presentera det materiellet som er i arbeid, med utgangspunkt i ressursgruppa (sjå sak MKR 26/14 og MKR 36/14). Boka, med artiklar om religionsteologi, skal etter planen vera klar rundt nyåret 2016.
- Dialogarbeid og religionsteologi treng større merksemd i utdanninga av prestar, diakonar, kateketar og ungdomsarbeidarar, m.fl. Oppmoding til lærerstadene?
- Halda fram med antirasistisk og dialogisk arbeid retta mot ungdom. Eit døme er boka «'Homo-hore-jøde-terrorist-svarting' - sier vi» (Mellomkyrkjeleg råd, 2013)
- MKR (seinare KM) tilrår at Bispemøtets materiell for konkret rettleiing i kyrkjelydane som no vert arbeidd fram, vert tatt i bruk så snart det er klart.
- Etablering av nettside med lenker til dialogorganisasjonar og -ressursar, rettleiingar og prinsippdokument, viktige nyhende på feltet, erfaringsdeling, intervju, videoklipp og foredrag. («Ressursgruppa» har byrja tankemessige førebuingar, men har ikkje makta å starta noko konkret arbeid. Ei effektiv nettside er ressurskrevjande.)

## **Økonomiske/administrative verknader (framlegg og drøftingspunkt)**

Sjå også «Sentrale problemstillingar for MKR å vurdera» på side 2.

- Økonomisk bidrag til å gje ut boka «Religionsteologi på norsk» (arbeidstittel; eit framlegg i sak MKR 36/14 var «Teologi på tvers»)
- Opprettning av regionale dialogsenter etter mønster frå Oslo og Stavanger
- 50% – 100% stilling med ansvar for dialog i kvart bispedømme
- Etablering og drift av ein nettressurs som omtala over.